

TEKST: GRO WOLLEBÆK

Bakepulverbåt

Du treng:

ei tom 1 1/2 liters brusflaske med kork
ei nål eller ein teiknestift

to strikkar

ei teskei

10 ts bakepulver

1 dl eddik

3 dl vatn



ein kopp

eit papirark

eit badekar eller stort kar med vatn

Slik gjer du:

1. Set to strikkar rundt flaska slik som vist på teikninga: ein strikk langt ned mot botnen, den andre omtrent på midten av flaska.
2. Fest ei teskei under dei to strikkane.
3. Legg flaska i vatnet og merk deg kva for ein del av flaska som ligg under vatn.



4. Løft opp flaska. Bruk ei stoppenål og lag eit lite hol i den delen av flaskeboten som låg under vatn.

5. Lag eit kremmarhus av papir. Dette skal du seinare bruke som trakt for å få bakepulveret inn i flaska.



6. Mål opp 10 teskeier
bakepulver i ein kopp.

7. Løft opp flaska og hald ein
finger framfor det vesle
holet du har laga
i flaskebotnen.

8. Skru av korken og ha
3 dl vatn og 1 dl eddik
oppi flaska.

9. Set kremmarhuset
i flasketuten.

10. Hell i full fart
bakepulveret i flaska.

11. Ta vekk trakta, skru på
korken og rist godt.

12. Legg flaska tilbake i
vatnet og ta fingeren
bort frå holet.

Kva skjer?
Inni flaska vil bakepulver
og eddik danne ein kjemisk
reaksjon. Desse to stoffa dannar
 CO^2 -gass. Det er den same gassen
som du pustar ut. Fordi holet
du har laga i flaska, er så lite,
vil gassen presse seg ut. Dette
skaper ein fin jetstrøm. Trykket
er så sterkt at det pressar «båten»
framover.